



Off. lova og
Forvaltningslova
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1175 - 19/24102

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2019

Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra - Offentleg ettersyn og høyring

I medhald av plan- og bygningslova § 12- 10 har Utval for drift og utvikling 15.10.2019, som sak 86/2019, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentleg ettersyn.

Planområdet utgjer ca. 1 064 daa, og dekker i hovudsak utmarka på nordre del av Flatøy, unntatt friluftsområdet Håøyna i nordvest.

Hovudformåla i planframlegget er bustad, næring, og offentlege tenester, kombinert med samferdsleanlegg og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Planen opnar for om lag 3 000 bueiningar, hovudsakleg i konsentrerte bustadområde. Ved full realisering av planframlegget vil det etablerast ein ny tettstad på Flatøy, som ei kopling mellom Knarvik og Frekhaug. Området vil gje rom for ein meir urban og tett bustadmasse enn det som er norma i dag, og vere i tråd med mål om meir samordna areal- og transportplanlegging.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Plankart, sist revidert 25.11.19
2. Føresegne, sist revidert 22.11.19
3. Planskildring, sist revidert 19.11.19
4. KU Landskap
5. KU Kulturminne og kulturmiljø
6. KU Naturmangfald
7. KU Sjøareal og strandsone
8. KU Friluftsliv og barn og unge
9. KU Trafikk og parkering
10. KU Næringsliv og sysselsetting
11. KU Samfunnstilhøve, service og helse
12. ROS-analyse
13. Kvalitetsprogram, revidert 25.10.19
14. Mobilitetsplan

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

15. Illustrasjonsplan med bygningstypologi, revidert 15.11.19
16. Illustrasjoner sjøsportssenter
17. Solstudie
18. Lokale og regionale verknader handel og boliger
19. Miljøgeologiske grunnundersøkelser
20. Mulighetsstudie termisk energiforsyning
21. Landbruksfagleg utredning
22. Notat Lokalklima
23. Notat Hotell
24. Notat RIE
25. VAO rammeplan Overordnede prinsipper
26. VAO rammeplan Kartvedlegg, 21.01.19
27. Merknadsskjema planprogram
28. Merknadsskjema utvida plangrense
29. Notat Avvik mellom områdeplan og kommuneplanens arealdel
30. Plan for medverknad, revidert 06.06.19
31. Planprogram vedteke i Meland formannskap, 02.06.17
32. Prosess kring val av lokalvegsløysningar
33. WSP Vurdering av gjennomføring av områdeplan
34. Planvedtak

Framlegg til plan vert ved høyring og offentleg ettersyn kunngjort i avisa Nordhordland og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, lag, organisasjonar og offentlege instansar vert direkte tilskrive. Plandokument og vedtak ligg på www.meland.kommune.no under høyringar og offentleg ettersyn, og til gjennomsyn i resepsjonen på Meland rådhus.

Perioden for offentleg ettersyn er sett frå 27.11.2019 – 22.01.2020.

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfrist. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt [elektroniske høyringsskjema](#) som ligg under høyringar og offentleg ettersyn på heimesida, sende e - post til postmottak@meland.kommune.no eller sende brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

Merknadsfrist er sett til 22.01.2020

Planframlegget vert presentert i folkemøte **10.12.19 kl. 19:00** i kantina på Meland rådhus.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Raniseth
Plansakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.